



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/3852-1

## **Innspel frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne til økonomiplan 2018 - 2021**

**Innspel til økonomiplan vert framlagt i møtet frå medlemmene i fylkesrådet.**

### **Vedlegg:**

Økonomiplan 2018 – 2021, innspel, prosess, arbeidsdeling og framdriftsplan

### **Andre relevante dokument i saka:**

Arbeidsdokument 1/17, som ligg på heimesida [www.sfj.no](http://www.sfj.no) under møte i finansutvalet 6. mars 2017

## **SAKSFRAMSTILLING**

Finansutvalet handsama i møte den 6. mars 2017 arbeidsdokument 1/17. Dokumentet er tilgjengeleg på fylkeskommunen si heimeside, [www.sfj.no](http://www.sfj.no). I punkt 5.2 opplyste fylkesrådmannen at fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skulle bli orientert om prosess, arbeidsdeling og framdriftsplan samt bli invitert til å kome med ev. innspel/merknader.

Økonomiplanarbeidet skal i hovudska dreie seg om følgjande to område:

- Gjennomføring av vedtekne innsparingstiltak
- Utarbeiding av ein samla investeringsplan for fylkeskommunen, både bygg - og veginvesteringar

Eventuelle innspel/merknader til økonomiplan 2018 - 2021 kan handsamast på to måtar:

- I arbeidsdokument 2/17 den 3. mai 2017. Frist er 20. april 2017
- I saka til fylkestinget i juni 2017. Frist er 18. mai 2017

Når det gjeld prosess og arbeidsform var det semje om å nytte tilsvarande prosess og arbeidsform som våren 2016.